

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar Thor
Hauknes - nestleiar, , Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud, Silje
Solberg, Thomas Nilssen
Ole Erik Feragen – 1.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes representant. Solfrid Gjeldokk under sak 32, John Stenersen under sakene 32-35, Audun Stokke Hole under sak 37, Sina Myhr under sakene 39-41.

Tid: Torsdag 4.juni kl. 10-17
Stad: Møllergata 39, 4.etasje

Sakliste

Styresak 2020/30	Innkalling og sakliste
Styresak 2020/31	Orienterings-, drøfting- og referatsaker
Styresak 2020/32	Meisterkonserten 2020
Styresak 2020/33	Folkelarm 2020 – kva form?
Styresak 2020/34	IntroFolk 2020 – kva form?
Styresak 2020/35	Folkelarmprisen
Styresak 2020/36	Folkemusikksending
Styresak 2020/37	Magasinet Folkemusikk – vedtekter og ansvarsfordeling
Styresak 2020/38	Heidersmedlem
Styresak 2020/39	Ivaretaking av dommarar
Styresak 2020/40	Utvikling av kappleiksadmin
Styresak 2020/41	Fordeling av Dextra-midlar
Styresak 2020/42	Folkemusikkens og folkedansens år
Styresak 2020/43	Møteplan hausten 2020
Styresak 2020/44	Revidert budsjett og arbeidsplan 2020
Styresak 2020/45	Høyring opplæringslova
Styresak 2020/46	Eventuelt

Styresak 2020/30 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2020/31 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 25.mai 2020

- a. Rådgjeving/Opplæring/service
 - i. Vi har informert mykje om korona-situasjonen.
 - ii. Vi har orientert om tilskotsordningar og andre utlysingar.
 - iii. Vi har delteke på årsmøte i områdelaga i Hordaland, Valdres og Buskerud.
 - iv. Vi har lyst ut GNIST-prisen, Årets lokallag, Årets folkemusikkarrangør og Årets folkemusikar.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 1. Har jobba med konsekvensane av å avlyse arrangementa
 2. Har oppdatert arrangørhandboka
 3. Har byrja arbeidet med neste års arrangørar, både dialog, marknadsføring, klargjøring av nettsider og tilgang til sosiale media.
 4. Har lyst ut og minna om søknadsfrist for å arrangere LK og LF
 - ii. Folkelarm
 1. Vi har byrja planlegginga av ei alternativ gjennomføring av Folkelarm
 2. Artistane er vald ut og vi har sendt dei beskjed om det.
 3. Har byrja arbeidet med å sjå på oppgraderingar av nettsida.
 4. Har gjort klart ein del reklamemateriell for nettsida.
 - iii. IntroFolk
 1. Vi har vore i dialog med festivalane som skulle hatt semifinalar, for å høyre status for dei i sommar. Det var berre Farsund Folk Festival som skal gjennomføre.
 2. Vi har gjort framlegg om ei digital løysing av IntroFolk.
 - iv. Meisterkonserten i operaen
 1. Vi er i dialog med Operaen om situasjonen rundt Covid-19 og eventuell avlysing. Mykje av planleggingsarbeidet er satt på vent grunna denne situasjonen.
 - v. Lokalkappleikar:
 1. Har fylgt opp Strømmekappleiken 2020 som ein lokalkappleik.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. **Folkemusikk – magasinet:**
 1. Folkemusikk nr. 2/2020 blei publisert i veke 21. Korona-situasjonen førte til eit fall i annonseinntektene på kr 54 000; elles har bladdrifta gått om lag som normalt.
 2. Fritt Ord har løyvd Folkemusikk kr 40 000 til djupneartiklar om Riksscenen og Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Dette er dei einaste ekstra midlane bladet ligg an til å få i 2020.

3. Podkast: Alle så nær som ein episode av Folkemusikk's podkast sesong 1 er no publiserte. Det er publisert ein del tilleggstoff på folkemusikk.no i samband med podkastlanseringa.

ii. Anna informasjonsarbeid

1. FolkOrg.no

- a. Vi har gitt mykje informasjon om korona-situasjonen. Styreleiar har skrive helsing.

d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:

- i. Vi har først og fremst jobba med følgene av korona-situasjonen og for å få på plass tiltakspakkar. Det har vi gjort delvis aleine, men først og fremst saman med eit samla musikk- og kulturfelt.

e. Særskilde satsingar

i. Rekruttering

1. Har fylgt opp tilskota frå Dextra Musica.
2. Har fordelt rekrutteringstilskota frå Dextra Musica.
3. Har handsama FolkOrgs egne rekrutteringsmidlar.
4. Har søkt om Frifond-midlar.

ii. Informasjon / formidling / dokumentasjon

1. Planlegging av Folkemusikkens og folkedansens år er godt i gang.
2. Vi har arbeidd med utvikling av strømmeprogrammet Folkemusikk i heile landet. Vi har samarbeidd med Fabelaktiv, søkt tilskot mm.
3. Snapshat-kontoen «Folkemusikk Norge» har vore på turné rundt om i landet.
4. Har delteke i Hele Norge synger – prosjektet. Både med å ta ansvar for ein av sundagane, og med å lage ein film med ei rekke folkesongarar som syng No livnar det i lundar. Dessutan har vi delt informasjon om alle arrangementa.
5. Vi har laga filmar om fem ulike vinnarar frå LF og LK i 2019, der dei blir intervjuar og lærar bort ein slått/song. Desse filmane og den over er gjort i samarbeid med Fabelaktiv as.
6. Har laga ei rekke annonser for å marknadsføre arrangement og organisasjon.
7. Gått på kurs i planlegging av videoproduksjonar.

iii. Folkedans

1. Delteke på samrådsmøte for folkedans
2. Delteke på Fagdag for Bygda dansar

iv. Det profesjonelle feltet

1. Arbeidet med TONO-utgreiing nærmar seg slutten.
2. Arbeidet med folkartist.no er godt i gong att.

Andre ting

- f. Vi har måtte omstille oss raskt som eit resultat av korona-pandemien. For administrasjonen har vi hatt heimekontor. Bratt læringskurve digitalt.

- b) **Rekneskapsrapport per april 2020**
- c) **E-post frå Helga Myhr: Kjønn og likestilling i folkemusikkmiljøet.**
- d) **Honorar digitale styremøter**

Vedtak:

Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:

- a) Ingen særlege merknader.
- b) Økonomien er under kontroll. Vi får lågare husleigeutgifter i 2020 på grunn av midlertidige lokalar. Når administrasjonen no flyttar i nye lokalar i juni, trengs nokre nye møblar. Styret ga administrasjonen fullmakt til å omdisponere nokre av dei midlane til det.
- c) Styret har forståing for innspelet frå Helga Myhr om skilnaden på måten kvinner og menn blir presentert i vårt miljø. Styret meiner vi tar høgde for det i retningslinene vi har laga og vil fortsette å bruke desse bevisst på arrangementa våre. Vi vil i tillegg tipse magasinet Folkemusikk og Folkemusikktimen om innspelet vi har fått, og vil oppmode Helga Myhr å løfte debatten inn i det offentlige rom, gjerne i samarbeid med andre. På den måten trur vi saka vil ha størst gjennomslag.
- d) Styret har hatt fleire møter via nett på grunn av korona-pandemien. Vi har ikkje hatt satsar på den type møter. Konklusjonen vart at eit møte via nett skal betalast med eit halvt dagshonorar, per i dag kr 1000.

Styresak 2020/32 Meisterkonserten 2020

Vedtak:

Meisterkonserten 2020 vert avlyst grunna restriksjonane kring kulturarrangement grunna Covid-19.

Styresak 2020/33 Folkelarm 2020 – kva form?

Vedtak: Styret vedtar å prøva ei digital løysing av Folkelarm i år.

Styresak 2020/34 IntroFolk 2020 – kva form?

Vedtak: Styret vedtar å gjennomføra ein digital versjon av INTROfolk på éin dag.

Styresak 2020/35 Folkelarmprisen

Vedtak: Folkelarmprisen blir utvida med ei ny klasse - Dansespill. Klassane er no slik:

SOLO

Klassen er for solistiske utgivelser med tradisjonelt uttrykk.

TRADISJONELT SAMSPILL

Klassen er for utgivelser som bidrar til å fremme samspill i tradisjonelle former.

DANSESPILL

Klassen er for utgivelser som bidrar til å fremme dansespill i tradisjonelle former. Kan være soloartister eller grupper.

ÅPEN KLASSE

Klassen er for utgivelser som bidrar til å utvikle folkemusikken som kunstnerisk uttrykk basert på tradisjonell musikk. Utgivelsen skal ha tradisjonelle former i bunnen, men kan være grensesprengende i uttrykket.

DOKUMENTASJON

Klassen er for utgivelser som dokumenterer tradisjoner og uttrykk som har vært lite tilgjengelig. Dette kan være nyinnspillinger som dokumenterer en spesiell tradisjon og utgivelse av arkivstoff.

ÅRETS FOLKEMUSIKER

Årets folkemusikkarartist kåres ved avstemming i juryen på fritt grunnlag. Det er mulig å komme med nominasjoner, disse må være juryen i hende innen 30.august. Prisen kan gis til en musiker, danser, produsent, regissør eller annen bransjeaktør innen folkemusikk eller folkedans.

Styresak 2020/36 Folkemusikkssending

Vedtak:

Administrasjonen i FolkOrg arbeider vidare med ulike økonomiske støttespelarar. Administrasjonen forventar svar på fleire søknadar i løpet av Juni, og kjem attende til styret etterkvart som vi får svar.

Når den økonomiske ramma er klarlagt vil den kunne leggje grunnlag for styret si avgjersle om gjennomføring av sendinga «Folkemusikk i heile landet».

Styresak 2020/37 Magasinet Folkemusikk – vedtekter og ansvarsfordeling

Vedtak:

Styret vedtek dei reviderte vedtektene med endringa i siste punkt under Føremål: Det redaksjonelle språket er nynorsk.

Redaktøren kjem tilbake med ein sak der vi vurderer organisasjonsform og eige bladstyre i løpet av hausten 2020.

Styresak 2020/38 Heidersmedlem

Vedtak:

Styret i FolkOrg vedtok utnemning av nytt heidersmedlem i FolkOrg. Vedtaket er ikkje offentleg før utdelinga finn stad.

Styresak 2020/39 Ivaretaking av dommarar

Vedtak:

Det skal gjennomførast ei spørjeundersøking med dommarane frå Landskappleiken og Landsfestivalen i 2019 som kartlegg behovet for ytterlegare arbeid for at dommarane trivs på arrangementa våre.

Styresak 2020/40 Utvikling av kappleiksadmin

Vedtak:

Styret er styrka i si overtyding, etter dialog med tidlegare tevlingsleiarar og dommarar, om at det ikkje er aktuelt å innføre digital dømming. Vi vil halde fram med å utvikle systemet der det er føremålsteneleg.

Styresak 2020/41 Fordeling av Dextra-midlar

Camilla Granlien og Silje Solberg var ugilde, då dei står bak ein søknad kvar. Dei forlét møterommet under handsaminga.

Vedtak:

FolkOrg tildeler midlar til 13 rekrutteringsprosjekt i 2020. Desse er:

FolkemusikkUNG: 50 000 kr

Folkrekrutt: 50 000 kr

TØFT: 50 000 kr

Fuglen: 50 000 kr

Raudan Gull: 40 000 kr

Bølingen: 60 000 kr

Morgondagens spelemenn: 60 000 kr

SPREK!: 60 000 kr

Ung Halling: 60 000 kr

Folk-verksted Buskerud: 90 000 kr

Kulturverkstad:FOLK: 90 000 kr

Spelemannslaget Laust og Fast: 90 000 kr

OsterFolk: 100 000 kr

Totalt kr 850 000

Styresak 2020/42 Folkemusikkens og folkedansens år

Vedtak: Styret tek orienteringa frå forprosjektgruppe til orientering, og er einige i arbeidet så langt.

Styresak 2020/43 Møteplan hausten 2020

Vedtak:

Styremøte 2020/05 vert sett til 18.september

Styremøte 2020/06 vert sett til 5.-6.november.

Styresak 2020/44 Revidert budsjett og arbeidsplan 2020

Vedtak:

Styret vedtok framlegg til revidert budsjett og arbeidsplan for 2020, med dei vedtaka som vart gjort i saker elles i dette møtet.

Styresak 2020/45 Høyring opplæringslova

Vedtak:

Framlegg til høringsinnspel til NOU 2019:23 Ny opplæringslov er vedteke.

Styresak 2020/46 Eventuelt

Camilla Granlien framheva at det har vært veldig bra at yrkesutøvarane har fått nyhendebrev frå FolkOrg. Ho har opplevd seg sett av organisasjonen.